

Info om skulen sitt arbeid med nye Giske ungdomsskule

- tilsettingane er gjort

-teama er sett saman ut ifrå mellom anna kompetansen til dei ulike lærarane, men også andre viktige moment er trekt inn

- Vi har hatt fleire samarbeidsmøte mellom dei to ungdomsskulane. Her får vi vere med på å skape ein ny, felles ungdomsskule i Giske kommune: **Giske ungdomsskule**

I desse samarbeidsmøta har vi m.a.:

-sett på timefordelinga i faga (fag og timebyteplanen)

-sett på lengda av dei ulike øktene

-jobba med fagplanar

-klassesamansetjingar

-elevar med spesielle behov

-kva er viktig at vi beheld i den nye skulen, det beste frå kvar av skulane

-rektor har hatt samtale med kvar av dei tilsette på Godøya som blir med over til nye GUS

Planen er å ha eit ny felles personalsamling for Giske ungdomsskule torsdag 27.mai der vi skal jobbe vidare med;

-planlegging av neste skuleår i dei nye teama

-fagplanar

-fagovergripande prosjekt

-læremiddel/lærebøker/programlisensar osb

-planlegge «samansveisingsdagane»

-planlegge oppstartsveka

-overføre informasjon om enkeltelevar med spesielle behov osb. Dette blir også jobba vidare med i utviklingstida 2. juni.

Det er bestemt at 10. trinn beheld klassene sine slik dei er i dag, medan 8. og 9. trinna blir blanda. Klasselistene blir levert ut til elevane på nytt 8. og nytt 9. trinn måndag 7. juni.

Fleire av kontaktlæraran må byte klasse og trinn

Det er planlagt samansveisingsdagar i siste skuleveka, der elevane før møte kvarandre.

Måndag 14.juni samling i nytt 8. trinn

Tysdag 15.juni samling i nytt 9. trinn

Onsdag 16.juni samling i nytt 10. trinn

Så får vi berre håpe at dette vil kunne gjennomførast sett i lys av smittevernreglane som stadig kan bli endra.

Elevane har valt både tilvalsfag og valfag for neste skuleår.

Det er vedteke at vi skal få ekstra modular med totalt fire klasserom og grupperom på nedsida av skulen. Grunnarbeidet har starta opp.

Vi legg no planar for arealbruken inne i hovudbygget der vi m.a. ser på korleis vi kan få meir fellesareal til elevane, og kvar dei ulike kontora skal vere framover, både kontor til skulehelstenesta, miljøterapeut, rådgjevar, avd.leiarane, arb.rom til tilsette osv. Her blir nok ein del bytting og flytting av kontor før neste skuleår startar.

Skulebiblioteket må flyttast, og bøker for ungdomstrinnet på Godøya må overførast. Inventar og utstyr til dei nye modulane må på plass.

Det er eit spanande arbeid vi får vere med på her, og eg trur at dette kan bli veldig positivt for ungdomane i Giske kommune.

Med helsing

Nina Rabben

Rektor for Valderøy ungdomsskule og
nye Giske ungdomsskule